



KVINNHERAD
KOMMUNE

Seksjon kultur, næring og utvikling

Norconsult AS
Postboks 1199

5811 BERGEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dato
Hildegunn Furdal	906 78 429	2018/2560-1	28.08.2018

Bestilling av flaumfaresonekartlegging av elveløp i Kvinnherad

Kvinnherad kommune ynskjer i samband med ny arealdel å kartleggje flaumfaren i fleire av dei sentrale vassdraga i kommunen. Bakgrunnen for dette er både auka byggjepress og utfordringane knytt til fortetting i område nær flaumutsatte vassdrag, samt NVE sitt innspel i førre arealplanprosess der dei peiker på at Kvinnherad kommune må få kartlagt flaumfaren i fleire av vassdraga.

Kvinnherad har tidlegare meldt inn til NVE ynskje om at 13 elver i kommunen blir flaumsonekartlagt. Tilbakemeldingar frå NVE er at ingen av desse blir prioritert i næraste framtid frå deira side, og difor set kommunen i gang arbeidet med å få kartlagt nokre av elvene. I denne samanheng ynskjer vi å bestille kartlegging av vassdrag, men grunne uvisse kring kostnad knytt til kartlegginga, vil tal elver det blir gjort avrop på, avhenge av tilbakemeldinga på denne bestillinga. Hovudmålet med kartlegginga er å betre grunnlaget for vurdering av flaumfare til bruk i arealplanlegging, byggesakshandsaming og beredskap mot flaum. Kartlegginga vil òg kunne gje eit grunnlag for planlegging av flaumsikringstiltak.

I møte med Norconsult AS (Stangnes, Hermansen og Stranden) 21.08.2018, vart det snakka om flaumfrekvensanalyse, 200-år flaum og flaumstorleik. Ved somme vassdrag kan det vere tenleg for kommunen å finne faresona med nominell årleg sannsyn på 1/1000. Tryggleiksklasse F3 omfattar byggverk med sårbare samfunnsfunksjonar og byggverk der oversvømming kan gje stor ureining på omgivnadane. I til dømes Rosendal vil det vere aktuelt å etablere slike bygg. Difor ynskjer vi at det skal gjerast ei vurdering av faresone med sannsyn 1/1000 for somme elvar. Vårt spørsmål knytt til dette er kva meirkostnaden knytt til kartlegging av 1/1000-faresone er. Vi har vore i kontakt med NVE v/Otnes, og han rår til at vi får 1/1000 kartlagt i same slengen der F3-tiltak kan vere aktuelle i framtida, då det vil koste kommunen meir å gjere dette i etterkant.

Ei anna problemstilling er kva klimapåslag ein skal leggja til grunn. Flaumfaresonekartlegginga av Hellandselva la til grunn eit klimapåslag på 20 % (gjennomført av Norconsult i 2017). Dette er truleg OK for Hellandselva, medan det lenger nord kanskje må vurderast eit klimapåslag på 40 %.

Vedlagt ligg oversikt over elvene som vart meldt inn til NVE i 2015. Vidare har vi gjort ei enkel rangering av elvene under (lenkjer til kart og postliste er lagt inn).

	Namn på elva	Kommentar
1	Melselva/Hattebergselva (Rosendal)	Føreligg flaumfarevurdering
2	Handandselva	
3	Uskedalselva	
4	Åkraelva	
5	Omvikdalselva (Storelva)	
6	Guddalselva	
7	Bondhuselva	
8	Æneselva	Føreligg flaumfarevurdering
9	Hellandselva	Føreligg flaumfarevurdering
10	Øyreselva	
11	Austrepolleva	Sterkt regulert vassdrag, Statkraft
12	Blåelva	Sterkt regulert vassdrag, SKL
13	Furebergselva	Ny regplan vedteke 28.09.2017

Kva ynskjer kommunen:

- Rapport med omtale av område og grunngjeving av val som blir teke (til dømes val av klimapåslag)
- Kart som viser faresonene (1/20, 1/200 og eventuelt 1/1000 der det er vurdert som naudsynt)(nominell årleg sannsyn)
- Datafil (SOSI om mogleg)

Vi har forhøyrert oss litt kring i kommunen for å høyre om det er nokon som kjenner til djupnamålingar i elvene, men føreløpig har det ikkje lukkast å spore opp noko data på dette. Oppmålingsavdelinga stiller si hjelp til disposisjon der det er naudsynt. Dei har lite erfaring med djupnamålingar, men om det er noko dei lett kan gjere med deira utstyr, kan dei gjere eit forsøk, i tillegg til å måle opp nye strekningar og elveførebyggingar om det skulle dukke opp ei endring i elveløpet som ikkje er registrert i høgdebasen. Dette kan vi sikkert kome attende til.

Budsjettet vi har fått knytt til flaumfaresonekartlegging er på kring kr. 500.000,- inkl. mva.

Har de spørsmål knytt til denne bestillinga, er det berre å ta kontakt.

Med helsing

Hildegunn Furdal

Samfunnsutviklar

Brevet er handsama elektronisk og har difor ikkje underskrift